



Brødrene Hjønnnevåg er ikkje ein av dei største sponsorane, og satsar ikkje ofte såpass på slike arrangement. Men vi gjev relativt stor sponsorstøtte til Festidalen fordi dette er eit viktig arrangement både for Hjønnnevåg og for Uskedalen.

Det held dagleg leiar Marit Hjønnnevåg fram. Denne lokale sponsor skal bidra i stor grad under sponsorarrangementet på låven på Dønhaug laurdag og presentera produkta sine, Det vert til dømes servert fiskepudding, peppermakrell og bøkling.

Bjørn Olav Tveit i festival-leiinga strekar under at Hjønnnevåg satsar sterkt med alt dei har å by fram sjølv om dei ikkje høyrer med til hovedsponsorane. Dei er den såkalla Kraftalliansen, Kvinnherad Elektro og Harding.

Tveit har for sin del vore til stades under festivalen Bygdalarm i Øystese sist helg og vorte imponert og henta mange impulsar der. Han fekk ei rekke gode idear og det er grunn til å tru at einskilde vil bli overført til Uskedalen.

Bygdalarm gjekk av stabelen første gong i 2007 og er kjent som ein festival då alle kjem heimatt. Den helga dreg foreldra bort for å lage plass i huset

Av Ola Matti Mathisen